


# ÅRSMELDING 2017

## FJOTLAND SOKN



Årsmeldinga er vedtatt av Fjotland sokneråd sak 005/18, 14.03.2018



## Årsmelding for Fjotland Sokneråd 2017

I Fjotland er det mange mange frivillige og ansatte som gjer ein stor innsats i teneste for Gud. Soknerådet saman med gudtenesteutval har sett det som si oppgåve å jobbe for å styrke gudstenestelivet og med det gjere det mogleg for folk i bygda vår å utvikle og ta vare på kristenlivet.

Me har lagt vekt på å gjera gudstenestene levande, inkluderande og styrkande for born og vaksne. Dette er eit arbeid ein aldri kan seia seg ferdig med. Det å bygga ein kyrkjelyd er eit arbeid me vil halda fram med som det viktigaste me gjer.

Det er ulike aktivitetar som skjer i kyrkja vår utanom gudstenestene. Konsertar og kveldsbønn er vel dei viktigaste å nemna.

Kyrkjekaffien er eit viktig bidrag i å skapa gode sosiale treff. Den «nye» stova gjer det lettare å m.a. invitera til kveldsmat etter noen kveldsgudstenester og gjerne middag etter ein førmiddagsgudstene.

Me er glade for alt arbeid som blir gjort for born og unge i kyrkjelyden vår. Det meste av dette arbeidet går føre seg på bedehuset på Kvinlog. Det er fint å kunna samarbeida om viktige oppgåver. Det siste året har me prøvd å gje eit tilbod til born under delar av gudstenesten. Lovise Egeland Versland har gjort ein kjempegod jobb med å laga til aktivitetar for born i kyrkjestova.

I 2017 blei det arrangert fleire konsertar i kyrkjebygga våre. Sverre Eftestøl hadde sin tradisjonstrugne konsert i Netlandsnes siste laurdag i april. I tillegg hadde Kvinlogsjentene sin julekonsert og Sven Eivind Stakkeland og Sigrid Rekved gjesta oss òg før jul. Prosjektkoret som Torhild Larsen Nygaard sette i gong sist år har delteke på gudsteneste i påske og jul dette året òg.

Kyrkja definerer diakonalt arbeid svært vidt. Det omfattar arbeid som gjev hjelp, støtte og omsorg til menneske i alle aldrar. Arbeidet me har gjort med å lage sosiale treff etter gudstenester kan definera som diakonalt arbeid. Eit anna diakonalt arbeid me driv er andakt på Fjotlandsheimen. I tillegg deltok konfirmantane i Fasteaksjonen.

Kyrkjelyden i Fjotland har i mange år hatt misjonsprosjektet sitt ved Håpets senter i Paris. Dette året vedtok me å avslutta dette og finna eit nytt prosjekt. Det kan vera inspirerande for ein kyrkjelyd å bytta for å auka engasjement. Valet fall på Misjonsalliansen sitt «Idrett krysser grenser» -prosjekt. Me tenkte at dette var eit prosjekt som kunne fenga born og unge og på denne måten gje dei meir engasjerte og aktive i m.a.gudstenestedeltaking

Dette året har vi fått nye tilsette; Solfrid Therese Rafoss slutta som kyrkjetenar og Espen Rogstad tok over denne jobben. I tillegg har Sara Netland teke reinhaldsjobben ved kapellet på Netland. Me takkar både nytilsette og «gamle» tilsette for alt desse personane er for kyrkjelyden og er svært glade for arbeidet dei gjer.

Til slutt vil me takka alle som bidreg, kvar på sin måte.

For Fjotland Sokneråd

Marit Homme

**B. FRIVILLIGE OG ANSATTE MEDARBEIDARE****SOKNERÅDET**

Marit Homme, Birgitte Kvinlaug, Elise Orre, Lovise Jeanette Versland Egeland, Sissel Eftestøl  
Harbakk, Heidi Risnes, Sverre Elgvin Lied

**SOKNERÅDSMØTER.**

Fjotland sokneråd har hatt 7 møter og behandla 21 saker.

**GUDSTJENESTEUTVAL**

Lovise Egeland Versland, May Britt Helle, Sissel Eftestøl Harbakk og Judith Kvlland Rogstad

**SOKNERÅDETS REPRESENTANTAR I FELLESRÅDET:**

Marit Homme og Birgitte Kvinlaug, vara Sissel Harbakk og Heidi Risnes

**KYRKJELYDENS KONTAKTPERSON FOR KIRKENS NØDHJELP**

Marit Homme

**FRIVILLIGE KLOKKARE:**

Odd Stakkeland, Per Øistein Rogstad, Lovise Jeanette Versland Egeland og Marit Homme.

**MENIGHETSLADET TREKLANG(Felles):**

Leiv Gunnar Skiftun (red), Torhild Meland, Arnold Omland,

**ANSATTE KIRKEKONTORET:**

Sokneprest i Feda og Fjotland: Sverre Elgvin Lied

Sokneprest i Kvinesdal: Leiv Gunnar Skiftun

Diakon: Lene Louise Holgersen

Trosopplæring: Cathrine Rafoss Aagedal

Organist: Torhild Larsen Nygård og Sverre Eftestøl

Kyrkjeverge: Per Øistein Rogstad

Adm. sekr: Turid Nedland

Sekretær: Sylvi Vatland

Kyrkjegardsarbeidarar: Djoerd Van Kammen og Svein Tore Stegemoen

Kyrkjetener i Fjotland: Solfrid Therese Rafoss.

Kyrkjetener/kyrkjevert i Netlandsnes/Knaben: Tom Arnold Lindefjell ,Tor Alsvik, Jenny Alsvik

Olaug Eftestøl har vore frivillige hjelparar

## C. DE ULIKE ARBEIDSGREINER

### GUDSTENESTENE

År	2013	2014	2015	2016	2017
Antall gudstenester	38	38	35	35	32
Gj.snitt gudstenestebesøk	59	62	65	59	54
Gj.snitt nattverdgjester	26	19	28	29	21
Samla offergåver	69709	81343	99335	77568	68854
Dåp	9	6	11	10	4
Konfirmerte	8	11	6	6	9
Vielser	4	6	1	2	2
Gravferd	7	7	6	11	14

### GUDSTENESTEUTVAL

Gudstenesteutvalet har hatt 3 møter. Det har blitt jobba med å legge til rette for auka deltagelse (uansett alder) i gudstenestane, og håper det kan auke gudstenestebesøket.

## D.TRUSOPPLÆRING/UNDERVISNING

### SKULE/BARNEHAGE GUDSTENESTER

Det har vore ein skulegudsteneste i Fjotland kyrkje, og den var før jul. Nokre barn frå Fjotland barnehage var også med.

### Familiegudstenester

Det har vore familiegudstenester i Fjotland kyrkje med utdeling til 3, 4 og 6 åringer dette året. Det har vore opp imot 100% oppmøte på alle desse utdelingene.

### JULEVANDRING

Kyrkjelydane i Kvinesdal inviterer alle barnehagane i kommunen til å delta på julevandring. Julevandringa er i kyrkjerommet. Det er eit slags skuespill, der ingen er tilskodarar, alle har roller. Vi vandrar saman med Keisar Augustus og de tre vise menn. Etter kvart kjem englar og hyrdar med i vandringa – og rett før Betlehem møter vi Maria og Josef. Det er barna som har dei fleste rollene – og alle får fine kostymer på. Barna lærer om julas bodskap gjennom oppleving og aktiv deltaking.

**Fjotland barnehage var med på julevandring.**

### BABYSANG

Babysang er eit breiddetiltak for Feda/Kvinesdal/Fjotland.

Babysang er på menighetssenteret i Kvinesdal. Opplegget er enkelt der vi har ei lita sangstund først og etterpå et vi lunsj saman. Det er kvar tysdag kl. 11.00. I løpet av året er det innom mellom ca. 35 babyar med mødre/fedre.

**Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vore med på babysang.**

### LYSVAKEN

Det var ikkje Lysvaken i Fjotland dette året.

### TÅRNAGENTAR

Det var ikkje Tårnagenthelg i Fjotland dette året.

## **HEILT PÅ JORDET FESTIVALEN**

Kvar år i juni er Heilt på jordet festivalen – ein kristen familiefestival. Festivalen har eigen komite som arbeider med festivalen.

I 2017 ble Heilt på jordet arrangert 3. juni. Det var i underkant av 1000 besøkande på festivalen. Frivillige frå Fjotland er med og hjelper til under festivalen.

## **BETWEEN**

Hadde 17 betalande medlemmer i 2017, då medrekna juniorledere frå ungdomsskulen. Samlast annankvar tysdag på Kvinlog bedehus. Samlingane varer halvannan time: Andakt, leiker, konkurransar og spill. Hadde våren 2017 basar til inntekt for Barnas misjonsprosjekt i regi av NLM.

## **KONFIRMANTARBEID**

Konfirmantkullet 2016-17:

Sju konfirmantar fullførte våren 2017 sin konfirmanttid. Som praktisk diakonal oppgåve tok dei del i fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp. Vi retter ein stor takk til Oddbjørn og Hilde Stakkeland som hadde heimegruppe saman med konfirmantane. Konfirmantopplegget ble avslutta med samtalegudsteneste og påfølgjande fest på bedehuset 12. mai, og konfirmasjonar 28. mai i Fjotland kyrkje og 5. juni i Netlandsnes kapell.

Konfirmantåret 2017-18 er det ingen konfirmantar i Fjotland.

## **KRIK**

KRIK Kvinlog pleier å samles annenhver fredag kl 20.00 i gymsalen på Kvinlog. Kalender med planlagte samlinger finnes på [www.kvinlogbedehus.no](http://www.kvinlogbedehus.no). Samlingene er for ungdomsskolen og oppover og pleier å være mellom 10 og 20 stk. Vi har masse moro med oppfinnsomme stafettar, konkurransar og ballspill. Eit avbrekk med andakt er også med. Etterpå er det pølser å få på bedehuset og litt sosialt for dei som vil det. Vi avslutter med en konkurranse «kveldens utfordring» som varierer i innhold og både til jul og vår kåres en vinner gjennom året som gikk.

## **MISJONSPROSJEKT**

Fjotland sokn har støtta misjonsprosjekt til NMS – Innvandrararbeid i Paris frå 2008 og fram 2017.

Det er nå gjort avtale med Misjonsalliansen om nytt prosjekt «Fotball krysser grenser» og ny avtale er frå 25.11.2017 til 26.11. 2020 .

## D. ØKONOMI

### REGNSKAP

#### **Disposisjonsfond Fjotland sokneråd**

Disposisjonsfond pr. 01.01.	58319	126044
Overskudd 2015		22274
Underskudd 2016	30206	
Forbruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet 2016		90000
<b>Disposisjonsfond pr. 31.12.</b>	<b>28112</b>	<b>58319</b>

#### **Disposisjonsfond kyrkjekstilar**

Disposisjonsfond pr. 01.01.2016	4 520	4 520
Avsatt til disposisjonsfond i driftsregnskapet	0	0
Forbruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet	0	0
<b>Disposisjonsfond pr. 31.12.2016</b>	<b>4 520</b>	<b>4520</b>

Rekneskapen hadde eit mindreforbruk for soknerådet (overskot) for 2017 på kr 2 315

#### **Ofringar og gaver (tall for 2016 parantes)**

Kyrkjeofringar til kyrkjelydsarbeidet	kr 21.780 (19.976)
Kyrkjeofringar til andre	kr 47.074 (57.592)
Fasteaksjonen	kr 12.606 (9.526)

## TREKLANG

### ÅRSMELDING 2017

Menighetsbladet TREKLANG, som er felles for menighetene i Kvinesdal, Feda og Fjotland, kom i 2017 (2016 i parantes) med i alt 4 (5) nummer med 100 (116) sider. Treklang ønsker å formidle informasjon om det som skjer i menighetene og sette fokus på positive ting fra vårt lokalmiljø. Vi ønsker også å løfte fram enkeltpersoner og tiltak som bygger felleskap. Gjennom Treklang har folk med engasjement fortalt om sine liv og sin tro, eller valgt «min salme.» Redaksjonen setter pris på innspill fra leserne på stoff de ønsker at det skrives om.

Bladet ble trykket i flerfarve-trykk på Bergens Grafiske. Samarbeidet med trykkeriet har vært veldig godt.

**Redaksjonen** har i 2017 har bestått av Leiv Gunnar Skiftun (red), Arnold Omland og Torhild Meland (til nr 1/2017). I tillegg til redaksjonen inviteres personer i menighetene til å levere stoff til bladet.

**Grafisk medarbeider** har vært Per Øistein Rogstad.

**Merkantilt ansatte ved kirkekontoret** har hatt regnskapsansvar og sendt ut brev til annonsører.

**Regnskapet** blir ført under Kvinesdal Menighetsråd og revideres sammen med menighetsrådets regnskap. Regnskapet for 2017 viser et **overskudd på rundt kr 50.000** (51.513). Trykkekostnader var kr. 63.474 (71.441), mens porto var kr. 33.804 (29.420).

Inntektene består av frivillige gaver til bladets drift kr. 93.719 (94.500), samt annonser kr. 50.400 (69.200). Et solid driftsfond sikrer god likviditet, og gir grunnlag for videre satsing. Etter vedtak i styret deles overskudd mellom Kvinesdal Menighetsråd (70%) Feda menighetsråd (15%) og Fjotland sokneråd (15%). Menighetsrådet har vedtatt at et evt. overskudd går til diakoniarbeidet.

Bladet er et viktig bidrag til informasjon om ting som skjer i menighetene. Tilbakemeldingene fra leserne tilsier at bladet blir lest grundig.

**For redaksjonen:**

**Leiv Gunnar Skiftun**  
**redaktør**

**HEIMESIDA**

Fellesrådet i Kvinesdal har eigen heimeside. Nettsida har adresse [www.kvinesdal.kirken.no](http://www.kvinesdal.kirken.no) og har både sentral og lokal informasjon. Lag og foreiningar er velkomne til å få lagt inn opplysningar om seg sjølv og egne arrangement. Stoff som ønskes inn på nettsida, kan sendes på e-postadressen [tnedland@kvinesdal.kirken.no](mailto:tnedland@kvinesdal.kirken.no).

Fjotland kyrkje har også facebook side.